

**I dag pågår det ei ny økt i arbeidet med innsamling av bilete til biletboka om Kvinnherad, der den anerkjente naturfotograf og skribent Jan Rabben frå Stord står sentralt og turlaget kjem med innspel.**

Skorpo, den fantastiske øya på dørstokken vår, er dagens tema og etter ein rundtur med båt der Johannes Hauge er guide blir det ein tur på Skorpefjellet med Kjell Yri som turleiar.

Boka skal etter planen komma ut hausten 2012 og det skjer på Rabbens forlag. Omfanget er ikkje bestemt førebels, men det blir ikkje noko kjempebok, opplysar Kåre Eik i boknemda til turlaget. Der sit også Sigve Solheim, Nils Gausvik og Anne Kari Enes, den siste er leiar av turlaget.

Laget ynskjer å visa det store naturmangfaldet i kommunen. Her kan ein utfalda seg på alle nivå - frå padling til skiturar – frå fjorden, inn i dalane og opp på breen. Det var først meininga å gje ut ei rutebok, men konkusjonen vart at marknaden er metta etter utgjeving av mange slike bøker.

Av Ola Matti Mathisen